

ETNE KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: måndag 19. september 2022
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at varamedlem kan bli innkalla.
Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Kommunedirektøren er invitert i sak 15 og 16

SAKLISTE:

- 14/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.05.22**
- 15/22 Orientering frå kommunedirektøren om velferdsteknologi og om arkivsystem**
- 16/22 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Trygt og godt skulemiljø»**
- 17/22 Revisor si eignerklæring for 2022**
- 18/22 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for revisjonsåret 2022**
- 19/22 Budsjettframlegg 2023 –kontrollarbeidet i kommunen**
- 20/22 Referat- og orienteringssaker 19.09.22**

Ymse

Aksdal, 12.09.22

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	19.09.22	14/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.05.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Etne kontrollutval 23.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll får møtet 23.05.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 23.05.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen skal godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 12.09.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 23. mai 2022 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Etne tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.00 – kl. 17.00
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Øyvind Kaldheim (Krf), Ragni Sunniva Fett (V) og Kjetil Winterthun (Frp)
FORFALL:	Nina Vierdal Vee (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Andreas Grumheden (Ap) t.o.m. sak 11
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Revisjonsdirektør Rune Haukaas
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef Filippo Ballarin
ANDRE SOM MØTTE:	Dagleg leiar Paul Fuglestein og personal- ansvarleg Sollaug Eljervik - Øyane ASVO AS i sak 10
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen
FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:	

SAK 09/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.02.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 07.02.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.22:

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 07.02.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 10/22 ØYANE ASVO AS - ORIENTERING OM SELSKAPET

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå Øyane ASVO AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.22:

Dagleg leiar Paul Fuglestein og personalansvarleg Sollaug Eljervik orienterte om selskapet og viste ein presentasjon. Øyane ASVO har store lokalar og held til på kaien i Etne. Selskapet skal ivareta personar som ikkje er i stand til å utføre arbeid i den ordinære arbeidsmarknaden.

Dei tilbyr tilrettelagte arbeidsplassar til om lag 40 personar. Tenestene dei tilbyr er mange og varierte, til dømes vaskeri, transport, hjelpemiddel, logo-brodering, makulering og jobbfrukt. Økonomien er stabil og god, med ei omsetning på ca. 19 mill. kr i året. Inntektene kjem frå NAV og ved sal av tenester.

Medlemmene hadde mange spørsmål, om mellom anna kven som gjer vedtak om plass, ventetid på plass, oppvarming av bygget, arbeidsmiljø og satsing på digital opplæring.

Leiar takk for ein interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå Øyane ASVO AS til orientering.

SAK 11/22 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2021

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Etne kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Etne kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknadar innan 01.09.22.

Kontrollutvalet vil be kommunedirektøren merka seg kommunelova sine fristar og at rekneskap og årsmelding neste år vert avlevert til revisor innan lovpålagt frist.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.22:

Økonomisjef Filippo Ballarin viste ein presentasjon og orienterte om rekneskapen. Det hadde vore eit krevjande år på grunn av korona. Resultatet var på 2,3 %. Disposisjonsfondet hadde minka, og var no på 8,8 %. Kommunen sitt måltal er 10 %. Det var overforbruk på tri av fem tenestoområde. Økonomisjefen viste til note 16 og forklarte at også i år hadde dei rydda opp og korrigert ein del eldre posteringar.

Revisjonsdirektør Rune Haukaas orienterte kort om resultatet og kommunen sin økonomisk situasjon, om revisjonen sitt arbeid og gjorde greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen.

Revisor hadde nokre framlegg til forbedringspunkter, som økonomisjefen merka seg. Han peika på at regnskapet hadde vore mangelfullt avstemt ved avlevering. Revisor gjorde greie for at det var gjort feil i føringar mellom drifts- og investeringsrekneskapen på tilbakebetalinga på eit forskottert lån. Det var hovudårsaka til at revisjonsmeldinga hadde «konklusjon med forbehold».

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom framtidige investeringar, endringar av rutinar og om rekneskapen viste det reelle resultatet.

Utvalet slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22

Etne kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknadar innan 01.09.22.

Kontrollutvalet vil be kommunedirektøren merka seg kommunelova sine fristar og at rekneskap og årsmelding neste år vert avlevert i tråd med revisor sine krav innan lovpålagt frist.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22 og innstilling:

Etne kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre.

Etne kommune har i 2021 eit netto driftsresultat med 9,2 mill. kr, som utgjer 2,3 % av driftsinntektene. Det er eit betre resultat enn i 2020, som var på minus 3,4 %. Resultatet er litt høgare enn teknisk berekningsutval sin tilrådte resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2021, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2021 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.21.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 24-5.

Kontrollutvalet vil be kommunedirektøren følgje opp revisor sine merknader i revisjonsmelding og nummerert brev nr. 1 og vil be kommunedirektøren om ei tilbakemelding innan 01.09.22.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen eller årsmeldinga til Etne kommune for 2021.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

SAK 12/22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2021 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMI- FORVALTNINGA

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.22:

Revisjonsdirektør Haukaas orienterte om føremålet med kontrollen og om resultatet. Kontrollen omfatta etterleving av «Lov om offentlige anskaffelser». Revisor hadde ikkje avdekka alvorlege feil eller manglar. Han meinte at Etne kommune hadde gode rutinar på dette området og revisor hadde gitt positiv uttale .

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22:

Etne kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

SAK 13/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.05.22

11. Statusrapport pr. mai 2022
12. Folkevaldopplæring på Solstrand Hotel 15. – 16. februar – oppsummering v/leiar
13. Kst. vedtak 22.02.22, sak 9/22 – oppfølging av rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland»
14. Kst. vedtak 22.02.22, sak 12/22 – val av nytt varamedlem til kontrollutvalet
15. Kst. vedtak 22.02.22, sak 10/22 – kontrollutvalet si årsmelding 2021
15. Repr.skapsmøte 08.04.22 kl. 10.15 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
16. Repr.skapsmøte 22.04.22 kl. 09.00 – Haugaland brann og redning IKS
17. Repr.skapsmøte 25.04.22 kl. 16.00 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Repr.skapsmøte 29.04.22 kl. 08.00 – Haugaland Vekst IKS
19. Generalforsamling 29.04.22 kl. 10.00 - Haugaland Kraft AS
20. Repr.skapsmøte 25.05.22 kl. 15.00 – HIM IKS
21. Medlemsinfo frå FKT - mars 2022
22. Kommunal Rapport 10.03.22 «Om å måle kommunens bærekraft»
23. Kommunal Rapport 22.04.22- «Om årsmelding 2021 fra Sivilombudet»
24. KMDs organisasjonsdatabase - «Kontrollutvalgene har fått mer å gjøre»
25. Tertialrapport 1. tertial frå Rogaland Revisjon IKS

Handsaming i kontrollutvalet 23.05.22:

Sekretær gjorde kort greie for referatsakene. På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak, meinte utvalet det ikkje var aktuelt å invitera Haugaland brann og redning IKS for å orientera i septembermøtet. Sekretær vil undersøkje med administrasjonen om dei kan flytte på sine orienteringar.

Utvalet hadde ingen særskilte merknadar til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 23.05.22:

Referatsakene 11 – 25 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 19.09.22.

Saker: orientering frå administrasjonen, revisor si egenerklæring for 2022 og budsjettframlegg om kommunens kontrollarbeid for 2023

Etne/Aksdal, 23.05.22

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	19.09.22	15/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN OM VELFERDS-TEKNOLOGI OG OM ARKIVSYSTEM

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunedirektørne om velferdsteknologi og om arkivsystem til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 07.02.22, sak 05/22 følgjande:

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

23.05.22 Øyane ASVO AS

19.09.22 Haugaland brann og redning IKS

14.11.22 velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenesta v/kommunedirektøren

1. møte 23 status for arkivsystem og samarbeidet med Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS v/kommunedirektøren

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har, eller dei kommunale selskapa som blir invitert.

Kontrollutvalet var i møte 23.05.22 samd om å ikkje invitera Haugaland brann og redning IKS i september. Bakgrunn for det er at kommunen har sagt opp avtalen med selskapet.

Sekretariatet har vore i kontakt med kommunedirektøren og fått bekrefte at han vil orientera om både «velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenesta» og om «status for arkivsystem og samarbeidet med Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS» i september møtet.

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 12.08.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.09.22	16/22
Kommunestyret	08.11.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «TRYGT OG GODT SKULEMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Trygt og godt skulemiljø» til orientering.

Saksvedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 06.09.22

Bakgrunn

Etne kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 28.10.21, sak 52/21 følgjande:

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Trygt og godt skulemiljø» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert over sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 10 tilrådingar.*
3. *Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Føremålet med prosjektet var å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

1. *Sikrar at plan for eit trygt og godt skulemiljø blir implementert på skulane i kommunen. Implementeringa bør sjåast i samanheng med allereie eksisterande planar og andre styringsdokument.*
2. *Etablerer system og rutinar for jamleg evaluering av planar, mål og tiltak på skulane i kommunen, samt sikrar at alle relevante aktørar blir involverte i dette arbeidet.*

3. *Vurderer å inkludere mål og tiltak for å førebyggje digitale krenkingar i relevante planar i kommunen og ved skulane, for å systematisere og tydeleggjere dette arbeidet ytterlegare.*
4. *Sørgjer for at skulane etablerer organ for brukarmedverknad (samarbeidsutval og skulemiljøutval), gjennomfører jamlege møte, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere kva som skal vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.*
5. *Gjennomgår og vidareutviklar rutinane for ivaretaking av aktivitetsplikta ved begge skulane, mellom anna for å sikre ei felles forståing av delpliktene som inngår i aktivitetsplikta, og sikre at alle tilsette er kjende med krav i regelverket og gjeldande rutinar ved skulane.*
6. *Sørgjer for at det føreligg tydelege skriftlege rutinar og føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta.*
7. *Sikrar at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.*
8. *Tydeleggjer overfor skulane korleis ein kan sikre eleven sin rett til medverknad i samband med iverksetting av tiltak og utarbeiding av aktivitetsplan, og sikrar at det blir dokumentert i kva grad eleven sine synspunkt blir vektlagde.*
9. *Sikre at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til elevane og foreldra om rettar og plikter i samsvar med opplæringslova § 9 A-9.*
10. *Sikrar at planlagde tiltak for å betre internkontrollen knytt til kapittel 9 A i opplæringslova blir evaluerte etter noko tid, for å vurdere om dei fungerer etter intensjonen og om det ev. er behov for fleire eller andre tiltak for å sikre ein tilstrekkeleg internkontroll på området.*

Oppfølging/tilbakemelding

Kommunedirektøren har i brev dagsett 06.09.22 gitt ei tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp. Kommunedirektøren skriv følgjande:

Etne kommune har ein kommunal plan for skulane der manglar er retta opp. Planen har ein jobba med ute i einingane. Me laga ei aksjonsliste i løpet av perioden Deloitte var innom, og hadde ordna mykje før hausten og nytt skuleår starta, i grunn før rapporten kom ut og saka var oppe i kommunestyre. Aksjonslista ligg også ved her. På denne lista tok me også med punkt som me sjølv såg me ville utbetra.

Einingane har laga sine lokale planar basert på den kommunale planen. Det er laga rutinar og skildringar av prosessar for å sikra oss handtering, inkludering og medverknad frå våre tilsette, barn og unge med føresette.

Me har også laga ein kommunal plan for barnehagane, og jobbar på same vis knytt til dette temaet i barnehagane våre. Eit trygt og godt miljø skal det også vera i barnehagane våre, og me har jobba med rutinar og prosessar for å sikra god handtering også i barnehagane.

Kommunalsjef har vore i Driftsutvalet med orienteringar slik at dei kan følgje opp arbeidet vårt knytt til eit trygt barnehage- og skulemiljø. Trygt og godt er fast tema på våre møte i leiargruppa, og også vidare i personalmøte i einingane.

FAU/SU/SMU – er etablert og har også trygt og godt som tema. Elevundersøkinga blir gjennomgått også her. Elevråda ved skulane er aktive.

Terskelen for å laga aktivitetsplanar er senka. Me har fleire planar i sving på begge skulane.

Kommunalsjef har laga ei undersøking som blir sendt ut til alle våre tilsette i barnehage og skule ein gong i året der me kan ta temperaturen på korleis me ligg an. Sjå vedlegg. Me jobbar saman om dette i våre barnehage- og skulemøte og det blir det tatt vidare i Driftsutvalet.

Det er tatt med ein del vedlegg for å gi innsyn i noko av arbeidet med dette.

Kommunedirektøren har som nevnt lagt ved sju ganske omfattande vedlegg til tilbakemeldinga.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner kommunedirektøren i denne saka har gjeve ei god og grundig tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt følgt opp.

Aksdal, 12.09.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Etne kontrollutval

Dato: 06.09.2022

Dokumentnummer: 22/2624-1

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Mona Rasmussen Sævik

Tilbakemelding av rapport etter forvaltningsrevisjon av "Trygt og godt skulemiljø" i Etne kommune

Føremålet med tilsynet var å undersøkje om skuleeigar og den enkelte skule arbeida systematisk for å sikra eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Etne kommune. I dette ligg også å sjå om skulane har rutinar for å sikra ei god handtering og oppfølging av elevar i slike saker.

Etne kommune har ein kommunal plan for skulane der manglar er retta opp. Planen har ein jobba med ute i einingane. Me laga ei aksjonsliste i løpet av perioden Deloitte var innom, og hadde ordna mykje før hausten og nytt skuleår starta, i grunn før rapporten kom ut og saka var oppe i kommunestyre. Aksjonslista ligg også ved her. På denne lista tok me også med punkt som me sjølv såg me ville utbetra.

Einingane har laga sine lokale planar basert på den kommunale planen. Det er laga rutinar og skildringar av prosessar for å sikra oss handtering, inkludering og medverknad frå våre tilsette, barn og unge med føresette.

Me har også laga ein kommunal plan for barnehagane, og jobbar på same vis knytt til dette temaet i barnehagane våre. Eit trygt og godt miljø skal det også vera i barnehagane våre, og me har jobba med rutinar og prosessar for å sikra god handtering også i barnehagane.

Kommunalsjef har vore i Driftsutvalet med orienteringar slik at dei kan følgje opp arbeidet vårt knytt til eit trygt barnehage- og skulemiljø. Trygt og godt er fast tema på våre møte i leiargruppa, og også vidare i personalmøte i einingane.

FAU/SU/SMU – er etablert og har også trygt og godt som tema. Elevundersøkinga blir gjennomgått også her. Elevråda ved skulane er aktive.

Terskelen for å laga aktivitetsplanar er senka. Me har fleire planar i sving på begge skulane.

Kommunalsjef har laga ei undersøking som blir sendt ut til alle våre tilsette i barnehage og skule ein gong i året der me kan ta temperaturen på korleis me ligg an. Sjå vedlegg. Me jobbar saman om dette i våre barnehage- og skulemøte og det blir det tatt vidare i Driftsutvalet.

Det er tatt med ein del vedlegg for å gi innsyn i noko av arbeidet med dette.

Med helsing

Bjørn Tollefsen
kommunedirektør

Mona Rasmussen Sævik
Kommunalsjef oppvekst og kultur

Dokumentet er godkjent elektronisk

Kopi til:
Bjørn Tollefsen

14

Vedlegg:

Etne kommune - Plan for eit trygt og godt barnehagemiljø
Etne kommune - Plan for eit trygt og godt skulemiljø
Faldar kap 9a - info til elevar og føresette
Undersøking i einingane, Trygt og godt i barnehage og skule
Rutinar rapportering §9a
Aksjonsliste etter tilsyn
Rutine- Elevundersøkinga-lærer og elev, Skånevik



Eit trygt og godt barnehagemiljø

Ein plan for å sikra borna i Etne eit trygt og godt barnehagemiljø.

Planen er laga av kommunalsjef for oppvekst og kultur og er gjeldande frå 1. oktober 2021.

Neste evaluering juni 2022.



Målsetjing

Stortinget vedtok 01.01.2021 eit nytt regelverk for miljøet i barnehagane. Denne lova skal sørgja for at alle born får ein trygg og god kvardag i barnehagen. Alle som jobbar i barnehagen må følgja med på at borna har det bra. Dersom ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ein alltid gripa inn og stoppa krenkinga med ein gong. Ein skal seia i frå til styrar, undersøkje og setja inn tiltak. Det skal dokumenterast, og ein skal laga ein plan for å sjå til at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Barnehagen må sikra for at alle tilsette er kjent med kva aktivitetsplikten betyr og at rutinar for å avdekke mobbing inngår i barnehagen sin handlingsplan.



Overordna retningslinjer

Barnekonvensjonen

Barnekonvensjonen er ein avtale mellom neste alle land i verda. Der står det om korleis alle barn i verda skal ha det. Noreg har skrive under på barnekonvensjonen og gjort den til norsk lov. I denne lova er alle som er under 18 år å rekna som barn.

[Barnekonvensjonen | UNICEF](#)

- Artikkel 3 – «Barnets beste»
 - Ved alle handlingar som gjeld barn, skal det beste for barnet vera eit grunnleggjande omsyn.
- Artikkel 12 – «Barnets rett til å gi uttrykk for sin mening»
 - Barnet har rett til å seia si meining i alt som gjeld dei, og det skal leggjast vekt på barnet si meining.
- Artikkel 28 – «Utdanning»
 - Barnet har rett til utdanning.

[Barnehagelova:](#) (direkte sitat i frå lova)

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) *hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b) *hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c) *når tiltakene skal gjennomføres*
- d) *hvem som skal gjennomføre tiltakene*
- e) *når tiltakene skal evalueres.*

Retningslinjer framhald

§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

Barnehagen skal altså laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) Kva problem tiltaka skal løysa
- b) Kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast.

Barnehagen skal dokumentera kva som blir gjort for å følgje opp aktivitetsplikta etter fyrste til femte ledd.

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule

[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v - Lovdata](#)

§ 12 Psykososiale forhold «Virksomheten skal fremme trivsel og gode psykososiale forhold»

Innleiing

Denne planen er laga med bakgrunn i barnehagelova § 41 til § 43, som omhandlar det psykososiale barnehagemiljøet. Det blir lagt vekt på aktivitetsplikta til barnehagen, der alle har plikt til å gjera noko om ein ser eller høyrer om at nokon ikkje har det trygt og godt. Barnekonvensjonen blir også tillagt større vekt. Verdiane i Etne kommune; Trygg, Raus og Engasjert er noko som skal liggja i botn for arbeidet vårt som tilsett i kommunen.

Mål med denne planen

Alle born i barnehagane skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. For å lukkast med dette skal Etne kommune og den enkelte barnehage arbeida systematisk og aktivt både med førebygging og handtering. Denne planen gir føringar og innspel til korleis me saman kan utvikla eit trygt og godt barnehagemiljø.

Eit trygt og godt barnehagemiljø handlar om korleis tilsette og borna oppfører seg overfor kvarandre. Born skal ikkje bli utsett for krenkande ord og handlingar verken frå andre born eller tilsette. Det enkelte barnet si oppleving er avgjerande.

Kven gjeld planen for

Alle som arbeider i barnehagen har ansvar for å utvikla eit trygt og godt barnehagemiljø. Det gjeld alle tilsette, dei ulike hjelpeinstansar, foreldre/føresette og borna sjølv. Arbeidet skal gå føre seg kontinuerleg og på alle læringsarena som til dømes på avdelingane, uteområdet og i leiken.

Samarbeid heim og skule

For å utvikla eit trygt og godt barnehagemiljø er det spesielt viktig med eit godt samarbeid med heimen. Forsking påpeikar at barnehagar som generelt har eit godt leik- og læringsmiljø, gjerne er prega av gode samarbeidsrelasjonar på fleire plan. Dette er barnehagar som har eit «ope» klima og som er fleksible i møta både med born og med foreldre. Barnehagen sine samarbeidsorgan er viktige arena for å utvikla god samhandling mellom heim og barnehagen: Samarbeidsutval (SU) og arbeidsutvalet for foreldre (FAU).

Eit godt samarbeid med heimen er eit viktig førebyggjande tiltak, dette gjeld også mellom foreldre/føresette. Når barna ser dette samarbeidet, veit dei at foreldra og barnehagen har opne kanalar for å utveksla informasjon. Dei ser at foreldra samarbeider og støttar kvarandre. Samhaldet smittar over på borna. Det betyr:

- Det er viktig at dei som blir utsett for krenkande åtferd, eller veit om andre som blir utsett for krenkande åtferd, seier i frå til ein vaksen i barnehagen eller heime.
- Barnet si stemme skal vera med og vera synleggjort i rutinar, planar og tiltak.
- Det er viktig at tilsette i barnehagen og foreldre/føresette har eit positivt bidrag inn i det førebyggjande arbeidet med å visa gode haldningar som vaksne.

Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

Prinsipp og strategiar

Etne-barnehagane har strategiar og tiltak for å utvikla eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette skjer gjennom systematisk arbeid over tid, eit nært samarbeid mellom heim- barnehage og med ein tydeleg leiing i førebygging og handtering.

- Kvalitetsplanen «Steg for steg»
- Internkontroll og dokumentasjon gjennom «Eit trygt og godt læringsmiljø»
- Tema på kommunalsjefen sine møte, LBS, med barnehagane og tilsyn.
- Internrevisjon og tilsyn frå Fylkesmannen og Miljøretta helsevern.
- Foreldremedverknad gjennom FAU og samarbeid heim – barnehage.
- Brukarundersøking (Udir.no)
- Foreldresamtalar som blir gjennomført 2 gonger i året.
- Plan for «overgang barnehage – skule»

Kvar barnehage har ein eigen lokal plan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø. Planen skal liggja på kommunen si heimeside, og skal innehalda:

- Organisering av dagen med fokus på korleis det ser ut når det er trygt og godt
 - Fordeling av vaksne
 - Struktur på dagen
 - Korleis sikra overgangane
- Felles arrangement for heile barnehagen

Det viktigaste arbeidet går føre seg i direkte møte mellom menneske, kvar dag i barnehagen.

Relasjonskompetansen står sterkt i førebyggjande og haldningsskapande arbeid for å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø.

Etne-barnehagane har mange samarbeidspartnarar i arbeid med å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø.

- Leiinga i barnehagen har ansvar for både førebyggjande og direkte arbeid, blant anna med tiltak overfor enkeltbarn og grupper.
- Spesialpedagogisk ressursgruppe i kommunen.
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) kartlegg og gir råd og rettleiing rundt enkeltbarn og grupper.



Tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid:

- Stabil og god leiing
 - Informasjon og kommunikasjon med tilsette, born og føresette
 - Lokal plan for trygt og godt barnehemiljø
 - Setja fokus og tid til implementering
 - Årshjul med tema og tiltak for det førebyggjande arbeidet.
- Relasjon vaksne - born
 - At borna blir høyrde når dei fortel om mobbing.
 - At dei vaksne tar borna på alvor.
 - At dei vaksne bryr seg om kva borna seier.
 - At dei vaksne er like i handlingsmønsteret sitt.
 - At alle gjer observasjonar av borna.
 - At dei vaksne er synlege i leiken
 - Beskjed til alle vaksne når det er born som må observerast.
 - Organisera fellesaktivitetar med aldersblanda grupper.
 - Samtalar med borna
 - Korleis trivs du i barnehagen?
 - Kven leikar du med? Korleis leikar du med dei andre?
 - Blir du mobba/plaga av andre born?
 - Kjenner du til at andre born er innblanda i mobbing?
 - Plagar du sjølv andre elevar?
 - "Sjå" kvar enkelt barn kvar dag. Sosiogram.
 - Gi positive meldingar til barnet.
 - «Relasjonsspiralen»
 - Overgang barnehage – skule, bli kjent før skulestart
- Relasjon barn – barn
 - Borna viser respekt for kvarandre.
 - Borna bryr seg om kvarandre og gir beskjed om plaging og mobbing.
 - Borna gir positive meldingar til kvarandre.
 - Overgang barnehage – skule, bli kjent før skulestart
- Leiing i avdelingane
 - Det må vera tydelege og gode grenser og struktur.
 - Den vaksne er tydeleg og konsekvent.
 - Den vaksne tar omsyn til den enkelte barn sine føresetnader og behov.
 - Den vaksne må vera trygg på seg sjølv og våga å ta styringa.
 - Den vaksne må vera fleksibel og løysa opp dagen dersom det oppstår situasjonar eller noko som opptar borna.
 - Dei vaksne skal gripa inn ved uønskt åtferd og mobbing.
 - Alvorlege hendingar skal følgjast opp etterpå med å kopla inn pedagogisk leiar og styrar.
- Årlege undersøkingar (foreldreundersøkinga i regi av Udir)
 - Styrar har ansvaret for å gjennomføra undersøkinga.
 - Styrar med tilsette går gjennom resultata og vurderer tiltak.
 - FAU/SU får informasjon om samla resultat.



- Kommunikasjon barnehage – born – føresette
 - o Informasjon om lovar og rettar på heimesider, FAU/SU
 - Ansvar: styrar
 - o Trivsel/mobbing tas opp i faste samtalar med barn og føresette
 - Ansvar: pedagogisk leiar
 - o Trivsel/mobbing tas opp i faste samtalar med borna
 - Ansvar: dei vaksne på avdelinga
 - o Snakka om mobbing på avdelinga
 - Ansvar: dei vaksne på avdelinga
 - o Mobbing som tema på foreldremøta (korleis jobbar me førebyggjande)
 - Ansvar: styrar

Skjerpa aktivitetsplikt

I saker der tilsette krenkjer born, er det ei skjerpa aktivitetsplikt. Barnehagelova § 43 seier noko om dette. Viss ein som jobbar i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved barnehagen utset eit barn for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks varsla styrar. Dersom det er ein i leiinga som står bak krenkinga, skal barnehageeigar, bli vasla direkte av den som fekk mistande om eller kjennskap til krenkinga. Plikta til å varsla gjeld for alle som jobbar i barnehagen.

Barnehageeigar skal varslast i slike saker. Undersøkingar og tiltak skal straks setjast i verk.



Rutinar for å skapa eit trygt og godt barnehagemiljø

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
Tilsette drøftar og dokumenterer barnehagen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her i barnehagen? Borna si stemme. Korleis høyrer og ser ein borna? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsle styrar? Når skal me varsle kommunen?	August	Styrar
Informasjon til heimane blir sendt ut og lagt på heimeside	August	Styrar
Barnehagen sine tilsette arbeider med planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Barnehagen har ein lokal plan for eit trygt og godt barnehagemiljø.	August og kontinuerleg	Styrar
Føresette arbeider med innhaldet i barnehagen sine planar	Haust	Ped.leiar?
FAU arbeidet med innhaldet i barnehagen sine planar og gir innspel	Fyrste FAU- møtet haust	Styrar, leiar i FAU.
Gjennomføring av brukarundersøking og refleksjon rundt resultata med tilsette, FAU og SU	Kvar vår	Styrar
Kommunen har ein presentasjon av brukarundersøkinga, kva den seier og kva barnehagane vil arbeida med i Driftsutvalet.	Februar	Kommunalsjef
Aktivitetsplikta trer i kraft straks (i kvardagen, samtalar med born, møte mm)	Kontinuerleg	Alle tilsette
Evaluering av det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Personalmøte, FAU og SU.	Vår	Styrar
Internkontroll via Stafettloggen når det gjeld oppfølging av §41	Kontinuerleg	Styrar
Kvalitetssjekk og internkontroll med barnehageeigar.	Vår	Kommunalsjef

Problemløysing og handtering

Eit trygt og godt barnehagemiljø handlar om at borna blir tatt på alvor når dei blir utsett for krenkande ord og handlingar. Der er barnet si subjektive oppleving som er avgjerande for om barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Alle tilsette i barnehagen har ei aktivitetsplikt og skal ta ansvar og initiativ til å stoppa uønskt åtferd. Styrar skal sikra saksbehandling og oppfølging i tråd med lovar og forskrifter.

Barnehagen har plikt til å ta omsyn til kva som er det beste for barnet. Borna har rett til å bli høyrte og ha medverknad. Barn som ein tenkjer kan eller har krenka andre, skal ha same rettsvern og rett til å bli høyrte på lik linje med offeret.

Etne kommune brukar Stafettlogg som verktøy for å halda ein god dialog med føresette og evt andre deltakarar, dokumentera og synleggjera tiltak.

Ved melding eller mistanke om eit ikkje trygt og godt barnehagemiljø

§42 Plikt til å sikra at barnehageborna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

- Plikt til å følgja med
- Plikt til å gripa inn
- Plikt til å varsle skuleleiinga
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setja inn tiltak – evaluera

Oppgåve	Ansvar
• Undersøkingar skal setjast i gang snarast • Undersøkingar skal dokumenterast.	Styrar Ped. leiar
• Samtalar med barnet som opplever seg krenka • Skaffa informasjon og gi støtte • Sikra at barnet si stemme blir høyrd, den subjektive oppleving. • Referat skal skrivast.	Styrar Pedagogisk leiar Assistent (bør vera 2 tilstades)
• Samtalar med føresette til den som opplever seg krenka • Skaffa informasjon og gi støtte • Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak. • Referat skal skrivast.	
• Samtale med barnet som krenkjer. • Er det fleire som plagar/krenkjer andre, snakk med ein om gangen • Skaffa informasjon og gi støtte • Gi beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppa straks • Gjera avtalar om oppfølging. • Referat skal skrivast.	
• Samtale med føresette til den/dei som har krenka • Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak • Referat skal skrivast.	
• Setja i verk tiltak. Skriftleg plan og dokumentasjon: - Kva utfordring skal løysast? - Kva tiltak blir sett i verk? - Når skal tiltaka gjennomførast? - Kven er ansvarleg for tiltaka? - Når skal tiltaka evaluerast?	
• Evaluera tiltak (set dato), eventuelt justera/setja i verk nye tiltak • Referat skal skrivast.	



Definisjonar frå Utdanningsdirektoratet om borna sitt barnehagemiljø

Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot eit barn som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ufin, ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Mobbing går føre seg på mange ulike arena både inne i barnehagen, ute på leikeplassen og i fritida.


Krenking kan vera både ord og handlingar som baksnakking, manglande inkludering og handlingar som den det gjeld opplev som ubehageleg. Kva som vil kjennast som krenking er ulikt frå person til person, avhengig av forhold som alder, forutsetningar og i kva samanheng krenkinga skjer.

Vald er alle handlingar retta mot ein anna person, som gjennom denne handlinga skadar, smerter, skremmer eller krenkjer, får denne personen til å gjera noko mot sin vilje eller sluttar å gjera noko ein vil.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plagd, til dømes fordi ein har ein anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Utestenging betyr at nokon så godt som alltid blir halde utanfor ei gruppe eller ein klasse.

Diskriminering betyr at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.



Kommunen sin kvalitetssjekk på trygt og godt barnehagemiljø

Plan og førebygging:

Denne kvalitetssjekken er laga slik at me som barnehageeigar kan henta inn informasjon om praksisen i barnehagane. Kvar haust vil me i barnehagebesøket ha ein sjekk på dette, og fyrste kvalitetssjekk blir seinhausten 2021. I og med at dette er ein ny plan, og ein ny måte å arbeida på, vil me også våren 2022 har ein evaluering av arbeidet ute i barnehagane som ein del av evalueringa av planen. Styrar har ansvar for å ta ein kvalitetssjekk før besøket, og laga ein plan for det vidare arbeidet i eininga.

Barnehageeigar vil i møte med barnehagane fylla inn dei ulike felta, og dette vil fungera som ein rapport som kommunen og barnehagane har med seg i det vidare arbeidet.

For å sikra at alle heimane får informasjon om arbeidet, skal det skrivast referat i frå foreldremøte som skal sendast ut til alle føresette.

Oppgåve	Sjekk	Kommentar
Tilsette drøftar og dokumenterer barnehagen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her i barnehagen? Borna si stemme. Korleis høyrer og ser ein borna? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsla styrar? Når skal me varsla kommunen?		
Informasjon til heimane blir sendt ut og lagt på heimeside		
Barnehagen sine tilsette arbeider med planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Barnehagen har ein lokal plan for eit trygt og godt barnehagemiljø.		
Føresette arbeider med innhaldet i barnehagen sine planar		
FAU arbeidet med innhaldet i barnehagen sine planar og gir innspel		
Gjennomføring av brukarundersøking og refleksjon rundt resultata med tilsette, FAU og SU		
Kommunen har ein presentasjon av brukarundersøkinga, kva den seier og kva barnehagane vil arbeida med i Driftsutvalet.		
Aktivitetsplikta trer i kraft straks (i kvardagen, samtalar med born, møte mm)		
Evaluering av det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Personalmøte, FAU og SU.		
Internkontroll via Stafettloggen når det gjeld oppfølging av §41-43		
Kvalitetssjekk og internkontroll med barnehageeigar.		

Barnehagen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) Kva problem tiltaka skal løyse
- b) Kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast.

Barnehagen skal dokumentera kva som blir gjort for å følgje opp aktivitetsplikta etter fyrste til femte ledd.

I barnehagebesøket vil barnehageeigar også ha ein kvalitetsjekk av praksis knytt til aktivitetsplanar.

Gjennomgang av praksis, referat og tiltaksplanar:

Kommuneeigar vil i møte med barnehagane fylla inn dei ulike felt, og dette vil fungera som ein rapport som kommunen og barnehagane har med seg i det vidare arbeidet.

Oppgåve	Ansvar
- Undersøkingar skal setjast i gang snarast - Undersøkingar skal dokumenterast.	Styrar Ped.leiar
- Samtalar med barnet som opplever seg krenka - Skaffa informasjon og gi støtte - Sikra at barnet si stemme blir høyrdd, den subjektive oppleving. - Referat skal skrivast.	Styrar Pedagogisk leiar Assistent (bør vera 2 tilstades)
- Samtalar med føresette til den som opplever seg krenka - Skaffa informasjon og gi støtte - Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak. - Referat skal skrivast.	
- Samtale med barnet som krenkjer. - Er det fleire som plagar/krenkjer andre, snakk med ein om gangen - Skaffa informasjon og gi støtte - Gi beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppa straks - Gjera avtalar om oppfølging. - Referat skal skrivast.	
- Samtale med føresette til den/dei som har krenka - Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak - Referat skal skrivast.	
- Setja i verk tiltak. Skriftleg plan og dokumentasjon: - Kva utfordring skal løysast? - Kva tiltak blir sett i verk? - Når skal tiltaka gjennomførast? - Kven er ansvarleg for tiltaka? - Når skal tiltaka evaluerast?	
- Evaluera tiltak (set dato), eventuelt justera/setja i verk nye tiltak - Referat skal skrivast.	



ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert





Eit trygt og godt skulemiljø

Ein plan for å sikra elevane i Etne eit trygt og godt skulemiljø.

Planen er laga av kommunalsjef for oppvekst og kultur og er gjeldande frå 1.mars 2021.

Neste evaluering mai 2022.




ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert

MOT

Målsetjing

Stortinget vedtok 01.08.2017 eit nytt regelverk om skulemiljøet som der tilsette har ei aktivitetsplikt. Det er ikkje nok at skulen har ei handlingsplikt fyrst når ein får kunnskap eller mistanke om krenkingar. Den strengare aktivitetsplikta gjer at alle tilsette har ein fast og kontinuerleg plikt til å følgja med på om elevane har det trygt og godt, og at dei aktivt skal gjera ei innsats for å avdekkja mobbing. I praksis vil plikta til å følgja med omfatta systematiske tiltak for å observera og lytta til elevstemmen i det daglege, i alle faglege og sosiale aktivitetar. Det omfattar til dømes kvaliteten på vaktordninga for friminutta, regelmessige samtalar med elevar og føresette, ulike kartleggingar blant alle elevane, og analyser av Elevundersøkinga. Men det vil også omfatte tiltak retta særskilt mot enkeltelevar. Skulen har eit skjerpet ansvar for å ivareta sårbare elevar. Dette kan til dømes vera knytt til religion, seksuell orientering, funksjonsevne, eller forhold familien til eleven. At eleven tidlegare har vært utsett for krenkingar kan også gjera ein elev ekstra sårbar. Skulen må sørge for at alle tilsette er kjent med kva aktivitetsplikten betyr og at rutinar for å avdekke mobbing inngår i skolen sin handlingsplan.



Overordna retningslinjer

Barnekonvensjonen

Barnekonvensjonen er ein avtale mellom neste alle land i verda. Der står det om korleis alle barn i vera skal ha det. Noreg har skrive under på barnekonvensjonen og gjort den til norsk lov. I denne lova er alle som er under 18 år å rekna som barn.

[Barnekonvensjonen | UNICEF](#)

- Artikkel 3 – «Barnets beste»
 - Ved alle handlingar som gjeld barn, skal det beste for barnet vera eit grunnleggjande omsyn.
- Artikkel 12 – «Barnets rett til å gi uttrykk for sin mening»
 - Barnet har rett til å seia si meining i alt som gjeld dei, og det skal leggjast vekt på barnet si meining.
- Artikkel 28 – «Utdanning»
 - Barnet har rett til utdanning.

Opplæringslova kapittel 9A

Elevane sitt skulemiljø [vedtak-201617-082.fm \(stortinget.no\)](https://www.stortinget.no/vedtak-201617-082.fm)

§ 9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikra at elevar har eit trygt og godt skulemiljø.

Alle som arbeider på skulen, skal følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsla rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsla skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsla rektor. Rektor skal varsla skuleeigar. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter §9a-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Retningslinjer fortset

Skulen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) Kva problem tiltaka skal løyse
- b) Kva tiltak skulen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å følgje opp aktivitetsplikta etter fyrste til femte ledd.

Forskrift om miljøretta helsevern
i barnehage og skule

[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v - Lovdata](#)

§ 12 Psykososiale forhold «Virksomheten skal fremme trivsel og gode psykososiale forhold»



ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert



Innleiing

Planen er revidert etter endringar i opplæringslova §9a, der aktivitetsplikta til skulen blir lagt vekt på. Barnekonvensjonen blir også tillagt større vekt. Verdiane i Etne kommune; Trygg, Raus og Engasjert er noko som skal liggja i botn for arbeidet vårt som tilsett i kommunen.

Mål med denne planen

Alle elevane i Etne-skulen skal ha eit trygt og godt skulemiljø. For å lukkast med dette skal Etne kommune og den enkelte skule arbeida systematisk og aktivt både med førebygging og handtering. Denne planen gir føringar og innspel til korleis me saman kan utvikla eit trygt og godt skulemiljø.

Eit trygt og godt skulemiljø handlar om korleis tilsette og elevar oppfører seg overfor kvarandre. Elevar skal ikkje bli utsett for krenkande ord og handlingar verken frå medelevar eller tilsette. Den enkelte eleven si oppleving er avgjerande.

Kven gjeld planen for

Alle som arbeider i skulen har ansvar for å utvikla eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld alle tilsette, dei ulike hjelpeinstansar, foreldre/føresette og elevane sjølv. Arbeidet skal gå føre seg kontinuerleg og på alle læringsarena som til dømes klasserom, uteområdet på skulen, SFO, leksehjelp, undervisning utanfor skulen sitt område og skulevegen.

Samarbeid heim og skule

For å utvikla eit trygt og godt skulemiljø er det spesielt viktig med eit godt samarbeid mellom heim og skule. Forsking påpeikar at skular som generelt har eit godt læringsmiljø, gjerne er prega av gode samarbeidsrelasjonar på fleire plan. Dette er skular som har eit «ope» klima og er fleksible i møtet både med elevar og med foreldre. Skulen sine samarbeidsorgan er viktige arena for å utvikla god samhandling mellom heim og skule: Samarbeidsutval (SU), skulemiljøutval (SMU) og arbeidsutvalet for foreldre (FAU).

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er eit viktig førebyggjande tiltak, dette gjeld også mellom foreldre/føresette. Når barna ser dette samarbeidet, veit dei at foreldra og skulen har opne kanalar for å utveksla informasjon. Dei ser at foreldra samarbeider og støttar kvarandre. Samhaldet smittar over på elevane. Det betyr:

- Det er viktig at dei som blir utsett for krenkande åtferd, eller veit om andre som blir utsett for krenkande åtferd, seier i frå til ein vaksen på skulen eller heime.
- Eleven si stemme skal vera med og vera synleggjort i rutinar, planar og tiltak.
- Det er viktig at tilsette i skulen og foreldre/føresette har eit positivt bidrag inn i det førebyggjande arbeidet med å visa gode haldningar som vaksne.

Førebyggjande og haldningsskapande arbeid

Prinsipp og strategiar

Etne-skulen har strategiar og tiltak for å utvikla eit trygt og godt skulemiljø. Dette skjer gjennom systematisk arbeid over tid, eit nært samarbeid mellom heim- skule og med ein tydeleg leiing i førebygging og handtering.

- Kvalitetsplanen «Steg for steg»
- Internkontroll og dokumentasjon gjennom «Eit trygt og godt læringsmiljø»
- Tema på kommunalsjefen sine møte, LBS, med skulane og tilsyn.
- Internrevisjon og tilsyn frå Fylkesmannen og Miljøretta helsevern.
- Elevmedverknad gjennom elevrådet og skulemiljøutval
- Foreldremedverknad gjennom FAU og samarbeid heim – skule
- Elevundersøkinga 5. – 10. trinn (Udir.no)
- Kontaktmøte og elevsamtalar som blir gjennomført 2 gonger i året
- Overgang barnehage – skule.

Kvar skule har ein eigen lokal plan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø. Planen skal liggja på skulen si heimeside, og skal innehalda:

- Organisering av skuledagen som oppstart av dagen, inspeksjon, avslutning av dagen
- Fadderordning
- Trivselsleiarar
- Felles arrangement for heile skulen

Det viktigaste arbeidet går føre seg i direkte møte mellom menneske, kvar dag på skulen.

Relasjonskompetansen står sterkt i førebyggjande og haldningsskapande arbeid for å skapa eit trygt og godt skulemiljø.

Etne-skulen har mange samarbeidspartnarar i arbeid med å skapa eit trygt og godt skulemiljø.

- Leiinga ved skulen har ansvar for våde førebyggjande og direkte arbeid, blant anna med tiltak overfor enkeltelevar og grupper.
- Skulehelsetenesta arbeider førebyggjande med den fysiske og psykiske helsa til elevane.
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) kartlegg og gir råd og rettleiing rundt enkeltelevar og grupper.



Tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid:

- Stabil og god leiing
 - Informasjon og kommunikasjon med tilsette, elevar og føresette
 - Lokal plan for trygt og godt skulemiljø
 - Setja fokus og tid til implementering
 - Årshjul med tema og tiltak for det førebyggjande arbeidet.
- Relasjon lærar – elev
 - At elevane blir høyrde når dei fortel om mobbing.
 - At dei vaksne tar elevane på alvor.
 - At dei vaksne bryr seg om kva elevane seier.
 - At dei vaksne er like i handlingsmønsteret sitt.
 - At alle gjer observasjonar av elevar.
 - At dei vaksne er synlege i vaktordninga
 - Beskjed til alle vaksne når det er elevar som må observerast.
 - Organisera fellesaktivitetar med aldersblanda grupper.
 - Elevsamtalar.
 - Korleis går skulearbeidet?
 - Korleis trivs du på skulen?
 - Blir du mobba/plaga av andre elevar?
 - Kjenner du til at andre elevar er innblanda i mobbing?
 - Plagar du sjølv andre elevar?
 - "Sjå" kvar enkelt elev kvar dag. Sosiogram.
 - Gi positive meldingar til eleven.
 - Overgang barnehage – skule, bli kjent før skulestart
- Relasjon elev – elev
 - Elevane viser respekt for kvarandre.
 - Elevane bryr seg om kvarandre og gir beskjed om plaging og mobbing.
 - Elevane gir positive meldingar til kvarandre.
 - Overgang barnehage – skule, bli kjent før skulestart
- Klasseleiing
 - Det må vera tydelege grenser og struktur.
 - Lærar er tydeleg og konsekvent.
 - Lærar tar omsyn til den enkelte elev sine føresetnader og behov.
 - Lærar må vera trygg på seg sjølv og våga å ta styringa.
 - Lærar må vera fleksibel og løysa opp timeplanen dersom det oppstår situasjonar eller noko som opptar elevane.
- Årlege undersøkingar av mobbing ved skulen
 - Rektor har ansvaret for å gjennomføra undersøkinga.
 - Rektor/avdelingsleiarar i samarbeid med team/kontaktlærar bearbeider resultata og vurderer tiltak.
 - Kontaktlærarane får innsyn i resultata frå sin klasse slik at dei kan gå inn og arbeida med utfordringane som eventuelt kjem fram av undersøkinga.
 - Alle lærarane, miljøarbeidarane, elevrådet, FAU og SU/SMU får informasjon om samla resultatet.



- Vakt og tilsynsordningar
 - o Vaktene har på seg vestar som gjer dei synlege.
 - o Skulegarden er delt inn i område for kvar enkelt vakt.
 - o Rektor har ansvaret for å setja opp vaktlistar.
 - o Som fadrar kan elevane passa på og leika saman med sin/sine elev/elevlar.
 - o Elevlar har fått jobb som hjelpearar (TL/aktivitetsleiar) ute, går med vest.
 - o Vakta gir beskjed til rektor/avdelingsleiar/inspektør dersom han/ho blir borte.
 - o Vakta er på plass når vakta byrjar.
 - o Vakta ser etter elevane og passar på at alle har det bra.
 - o Vaktene skal ikkje gå saman, men spreia seg slik at oversikta blir best mogleg.
 - o Dei vaksne skal gripa inn ved uønska åtferd og mobbing.
 - o Når det er fleire elevlar som opptrer saman skal ein vende seg til ein om gongen.
 - o Alvorlege hendingar skal følgjast opp etterpå med å kopla inn kontaktlærar og rektor/avdelingsleiar.
- Kommunikasjon lærar – elev – føresette
 - o Informasjon om lovar og rettar på heimesider, FAU/SU/SMU
 - Ansvar: rektor
 - o Mobbing tas opp i faste konferansetimar med elevlar og føresette
 - Ansvar: kontaktlærar og føresette.
 - o Mobbing tas opp i faste elevsamtalar
 - Ansvar: kontaktlærar
 - o Snakka om mobbing i klassen
 - Ansvar: kontaktlærar
 - o Mobbing som tema på klasseforeldremøte (elevundersøkinga, korleis skulen jobbar førebyggjande)
 - Ansvar: rektor og kontaktlærar

Venner
er blomstene
i livets hage!



Digital mobbing

Digital mobbing går føre seg via digitale plattformer som til dømes meldingar, spel og sosiale medium. Sjølv om det meste går føre seg utanfor skulen, vil det likevel ofte påverke korleis eleven har det på skulen. Viss ein elev opplever å ikkje ha det bra på skulen, så pliktar skulen å ta tak i problemet, også om dette skjer utanom skuletida. Digitale krenkingar skal, som andre saker, løysast på same måte som andre mobbesaker ved å følgja med, gripa inn, varsla, undersøkje saken og setja inn eigna tiltak.

I skulane sine lokale planar skal det vera fokus på digital mobbing som ein del av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. I dette ligg:

- Planar med reglar for nettvett, spelereglar og tiltak for førebygging av digital mobbing
- Læra elevane digital dømmekraft og godt nettvett
- Reglar for bruk av mobil og internett i skulen sitt ordensreglement.
- Følg opp reglar og ver konsekvent.
- God dialog med elevråd, FAU, SU/SMU og føresette.

Skjerpa aktivitetsplikt

I saker der tilsette krenkjer elevar er det ei skjerpa aktivitetsplikt, Opplæringslova §9 A-5. Viss ein som jobbar ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkommande straks varsla rektor. Dersom det er ein i leiinga som står bak krenkinga, skal skuleeigar bli vasla direkte av den som fekk mistande om eller kjennskap til krenkinga. Plikten til å varsla gjeld for alle som jobbar ved skulen.

Skuleeigar skal varslast i slike saker. Undersøkingar og tiltak skal straks setjast i verk.



Rutinar for å skapa eit trygt og godt skulemiljø

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
Skulen sine tilsette drøftar og dokumenterer skulen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her på skulen? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsle skuleleiinga? Når skal me varsle kommunen?	Skulestart	Rektor
Elevane drøftar og dokumenterer skulen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her på skulen? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsle ein vaksen?	Skulestart	Kontaktlærar
Informasjon til heimane blir lagt på skulen si heimeside	Haust	Rektor
Skulen sin tilsette arbeider med skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid, inkludert ordensreglementet. Skulen har ein lokal plan for eit trygt og godt skulemiljø.	Skulestart og kontinuerleg	Rektor
Elevane arbeider med innhaldet i skulen sine planar	Haust	Kontaktlærar
FAU arbeidet med innhaldet i skulen sine planar og gir innspel	Fyrste FAU- møtet haust	Rektor, leiar i FAU.
Skulen sine planar og informasjon skal takast ut til foreldre/føresette	Foreldremøte haust	Kontaktlærar, rektor
Elevar og tilsette øver på å løysa konflikter (ulike case, øving)	Kontinuerleg	Rektor, kontaktlærar
Skulemiljø som tema i elevråd	Haust og vår	Elevrådskontakt
Rutinar ved skulefråvære	Haust og vår	Rektor
Gjennomføring av Elevundersøkinga og refleksjon rundt resultatata med tilsette, elevråd, FAU og SMU.	Kvar vår	Rektor
Kommunen har ein presentasjon av elevundersøkinga, kva den seier og kva skulane vil arbeida med i Driftsutvalet.	Februar	Kommunalsjef
Oppfølging av kommunalsjef.	Årleg	Kommunalsjef
Aktivitetsplikta trer i kraft straks (i kvardagen, elevsamtalar, kontaktmøte mm)	Kontinuerleg	Tilsette
Evaluering av det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Personalmøte, elevråd, FAU og SU/SMU.	Vår	Rektor, elevrådskontakt
Evaluering av inspeksjon.	Haust og vår	Rektor
Internkontroll via Stafettloggen når det gjeld oppfølging av §9A	Kontinuerleg	Rektor




Problemløysing og handtering

Eit trygt og godt skulemiljø handlar om at elevar blir tatt på alvor når dei blir utsett for krenkande ord og handlingar. Der er eleven sin subjektive oppleving som er avgjerande for om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen har ei aktivitetsplikt og skal ta ansvar og initiativ til å stoppa uønska åtferd. Rektor skal sikra saksbehandling og oppfølging i tråd med lovar og forskrifter.

Skulen har plikt til å ta omsyn til det beste for eleven. Elevane har rett til å bli høyrte og ha medverknad. Elevar som ein tenkjer kan eller har krenka andre skal ha same rettsvern og rett til å bli høyrte på lik linje med offeret.



Ved melding eller mistanke om eit ikkje trygt og godt skulemiljø

§9 A-4 Aktivitetsplikt:

- Plikt til å følgja med
- Plikt til å gripa inn
- Plikt til å varsla skuleleiinga
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setja inn tiltak – evaluera

Oppgåve	Ansvar
• Undersøkingar skal setjast i gang snarast • Undersøkingar skal dokumenterast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Samtalar med eleven som opplever seg krenka • Skaffa informasjon og gi støtte • Sikra at eleven si stemme blir høyrd, den subjektive oppleving. • Referat skal skrivast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Samtalar med føresette til den som opplever seg krenka • Skaffa informasjon og gi støtte • Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak. • Referat skal skrivast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Samtale med eleven som krenkjer. • Er det fleire som plagar/krenkjer andre, snakk med ein om gangen • Skaffa informasjon og gi støtte • Gi beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppa straks • Gjera avtalar om oppfølging. • Referat skal skrivast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Samtale med føresette til den/dei som har krenka • Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak • Referat skal skrivast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Setja i verk tiltak. Skriftleg plan og dokumentasjon: - Kva utfordring skal løysast? - Kva tiltak blir sett i verk? - Når skal tiltaka gjennomførast? - Kven er ansvarleg for tiltaka? - Når skal tiltaka evaluerast?	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar
• Evaluera tiltak, eventuelt justera/setja i verk nye tiltak • Referat skal skrivast.	Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærar



Definisjonar frå Utdanningsdirektoratet om eleven sitt skulemiljø

Mobbing er gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ufin, ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Mobbing går føre seg på mange ulike arena både i skulen, ute på skuleplassen, i fritida og på nett. Digital mobbing er eit aukande problem.


Krenking kan vera både ord og handlingar som baksnakking, manglande inkludering og handlingar som den det gjeld opplev som ubehageleg. Kva som vil kjennast som krenking er ulikt frå person til person, avhengig av forhold som alder, forutsetningar og i kva samanheng krenkinga skjer.

Vald er alle handlingar retta mot ein anna person, som gjennom denne handlinga skadar, smerter, skremmer eller krenkjer, får denne personen til å gjera noko mot sin vilje eller sluttar å gjera noko ein vil.

Rasisme inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi ein har ein anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Utestenging betyr at nokon så godt som alltid blir halde utanfor ei gruppe eller ein klasse.

Diskriminering betyr at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opphav.



Kommunen sin kvalitetssjekk på trygt og godt skulemiljø

Plan og førebygging:

Denne kvalitetssjekken er laga slik at me som kommuneegar kan henta inn informasjon om praksisen på skulane. Kvar haust vil me i skulebesøket ha ein sjekk på dette, og fyrste kvalitetssjekk blir hausten 2021. I og med at dette er ein ny plan, og ein ny måte å arbeida på, vil me også våren 2022 har ein evaluering av arbeidet ute på skulane som ein del av evalueringa av planen. Rektor har ansvar for å ta ein kvalitetssjekk før skulebesøket, og laga ein plan for det vidare arbeidet i eininga.

Kommuneegar vil i møte med skulane fylla inn dei ulike felta, og dette vil fungera som ein rapport som kommunen og skulane har med seg i det vidare arbeidet.

For å sikra at alle heimane får informasjon om arbeidet, så skal det skrivast referat i frå foreldremøte som skal sendast ut til alle og leggjast på Showbie for klassen.

Oppgåve	Sjekk	Kommentar
Skulen sine tilsette drøftar og dokumenterer skulen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her på skulen? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsla skuleleiinga? Når skal me varsla kommunen?		
Elevane drøftar og dokumenterer skulen sitt syn på: Kva er eit trygt og godt læringsmiljø? Korleis ser det ut når det er trygt og godt her på skulen? Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripa inn? Kva utfordringar møter me? Når skal me varsla ein vaksen?		
Informasjon til heimane blir lagt på skulen si heimeside		
Skulen sine tilsette arbeider med skulen sine planar og tiltak for førebyggjande og haldningsskapande arbeid, inkludert ordensreglementet. Skulen har ein eigen plan for eit trygt og godt skulemiljø.		
Elevane arbeider med innhaldet i skulen sine planar		
FAU arbeidet med innhaldet i skulen sine planar og gir innspel		
Skulen sine planar og informasjon skal takast ut til elevar/føresette		
Elevar og tilsette øver på å løysa konflikter (ulike case, øving)		
Skulemiljø som tema i elevråd		
Rutinar ved skulefråvære		

Gjennomføring av Elevundersøkinga og refleksjon rundt resultatane med tilsette, elevråd, FAU og SMU.		
Kommunen har ein presentasjon av elevundersøkinga, kva den seier og kva skulane vil arbeida med i Driftsutvalet.		
Oppfølging av kommunalsjef.		
Aktivitetsplikta trer i kraft straks (i kvardagen, elevsamtalar, kontaktmøte mm)		
Evalueringsplan for det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet. Personalmøte, elevråd, FAU og SMU.		
Evalueringsplan for inspeksjon.		
Internkontroll via Stafettloggen når det gjeld oppfølging av §9A		
Antal Stafettloggar knytt til §9A		

Skulen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) Kva problem tiltaka skal løyse
- b) Kva tiltak skulen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å følgje opp aktivitetsplikta etter fyrste til femte ledd.

I skulebesøket vil skuleeigar også ha ein kvalitetsjekk av praksis knytt til aktivitetsplanar.

Gjennomgang av praksis, referat og tiltaksplanar:

Kommune-eigar vil i møte med skulane fylla inn dei ulike feltene, og dette vil fungera som ein rapport som kommunen og skulane har med seg i det vidare arbeidet.

Oppgåve	Sjekk	Kommentar
- Undersøkingar skal setjast i gang snarast - Undersøkingar skal dokumenterast.		
- Samtalar med eleven som opplever seg krenka - Skaffa informasjon og gi støtte - Sikra at eleven si stemme blir høyrd, den subjektive oppleving. - Referat skal skrivast.		
- Samtalar med føresette til den som opplever seg krenka - Skaffa informasjon og gi støtte - Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak. - Referat skal skrivast.		
- Samtale med eleven som krenkjer. - Er det fleire som plagar/krenkjer andre, snakk med ein om gangen		

• Skaffa informasjon og gi støtte • Gi beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppa straks • Gjera avtalar om oppfølging. • Referat skal skrivast.		
• Samtale med føresette til den/dei som har krenka • Leggja til rette for eit godt samarbeid for å setja inn gode tiltak • Referat skal skrivast.		
• Setja i verk tiltak. Skriftleg plan og dokumentasjon: - Kva utfordring skal løysast? - Kva tiltak blir sett i verk? - Når skal tiltaka gjennomførast? - Kven er ansvarleg for tiltaka? - Når skal tiltaka evaluerast?		
• Evaluera tiltak, eventuelt justera/setja i verk nye tiltak • Referat skal skrivast.		





‘Trygt og godt’ i barnehage og skule

Etne kommune ynskjer å gjera ei intern kartlegging på trygt og godt barnehage- og skulemiljø, også ofte kalla det psykososiale miljøet. Dette er knytt til Barnehagelova kapittel VIII og Opplæringslova kapittel 9a. Alle svara er sjølvsagt anonyme. Denne undersøkinga går ut til alle som er jobbar i barnehage og skule i Etne kommune.

Spørsmål 1

Kva eining er du tilsett i?

- ☐ Skånevik barnehage
- ☐ Småfolk barnehage
- ☐ Enge barnehage
- ☐ Skånevik skule
- ☐ Enge skule

Spørsmål 2**Kva stilling har du?**

- ☐ Rektor/Styrar
- ☐ Anna leiarstilling
- ☐ Lærer
- ☐ Kontaktlærer
- ☐ Pedagogisk leiar barnehage
- ☐ Pedagog barnehage
- ☐ Spesialpedagog
- ☐ Fagarbeidar, assistent i barnehage
- ☐ Fagarbeidar, miljøarbeidar eller assistent i skulen/SFO
- ☐ Anna stilling

Spørsmål 3**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

For å sikra borna eit trygt og godt barnehage/skulemiljø, har eininga der eg arbeider utarbeidd...

- ☐ Skriftlege planar
- ☐ Tydelege mål
- ☐ Konkrete tiltak
- ☐ Rutinar/prosedyrar

Spørsmål 4**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Mål og planar som gjeld det psykososiale barnehage/skulemiljøet blir jamleg evaluert og oppdatert

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 5**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Tiltak som er ein del av det førebyggjande barnehage-/skulemiljøarbeidet blir jamleg evaluert

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 6**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstandar:**

Borna/elevane i barnehage/skule blir involverte i planlegginga av det førebyggjande arbeidet

- ☐ Eining
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 7**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Føresette blir involverte i planlegginga av det førebyggjande arbeidet.

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 8**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Eg er trygg på i kva tilfelle eg skal gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 9**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Eg er trygg på i kva tilfelle eg skal varsla styrar/rektor om saker som gjeld born sitt psykososiale miljø.

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 10**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Eg er trygg på kva eg skal ´sjå etter´ når eg skal følgja med på om borna har det trygt og godt.

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 11**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Eg er trygg på at barnehagen/skulen fangar opp alle borna som ikkje har det trygt og godt.

- ☐ Einig
- ☐ Delvis einig
- ☐ Delvis ueinig
- ☐ Ueinig
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 12**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

I alle tilfelle eg kjenner til der eit barn ikkje har det trygt og godt, er det utarbeidd ein aktivitetsplan/skriftleg plan.

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje
- ☐ Ikkje aktuelt

Spørsmål 13**Kor eining eller ueinig er du i følgjande påstand:**

Dei iversette tiltaka som går fram av aktivitetsplan/skriftleg plan blir alltid evaluerte.

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje
- ☐ Ikkje aktuelt

Spørsmål 14

I kva grad nyttar eininga undersøkingar knytt til tema ´Trivsel´ og Trygt miljø´ for å vurdere konkrete behov for oppfølging og tiltak?

- ☐ I stor grad
- ☐ I nokon grad
- ☐ I liten grad
- ☐ Ikkje i det heile
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 15

I kva grad blir borna sjølv høyrde i arbeidet med å finna eigna tiltak for å sikra at dei har det trygt og godt?

- ☐ I stor grad
- ☐ I nokon grad
- ☐ I liten grad
- ☐ Ikkje i det heile
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 16

I kva grad blir borna sine meiningar vektlagt i arbeidet med å finna eigna tiltak for å sikra at dei får det trygt og godt?

- ☐ I stor grad
- ☐ I nokon grad
- ☐ I liten grad
- ☐ Ikkje i det heile
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 17

Kor ofte får tilsette ein gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta og lova for 'trygt og godt'?

- ☐ Halvårleg eller oftare
- ☐ Årleg
- ☐ Ved behov
- ☐ Berre ved tilsetjing
- ☐ Aldri
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 18

Dei skriftlege planane inneheld: a) kva problem tiltaka skal løysa, b) kva tiltak som er planlagt, c) kva tid tiltaka skal gjennomførast, d) kven som er ansvarleg og e) kva tid tiltaka skal evaluerast.

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje
- ☐ Ikkje aktuelt

Spørsmål 19

Har eininga rutinar for å sikra at born/elevar og føresette jamleg blir informert om retten til eit trygt og godt miljø?

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 20

Har eininga rutinar for å sikra at born/elevar og føresette jamleg blir informert om tilsette si aktivitetsplikt?

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 21

Har eininga rutinar for å sikra at born/elevar og føresette jamleg blir informert ´trygt og godt ´ og sine rettar?

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

Spørsmål 22

Kjenner du deg trygg på korleis du skal handtera tilfelle der du får mistande om eller kjennskap til at ein som arbeider i barnehagen/skulen krenkjar eit barn?

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei

Spørsmål 23

Har du noko anna du vil kommentera knytt til ´Trygt og godt´?


For skulen:**Har skulen sett i verk tiltak for å førebyggja digitale krenkingar?**

- ☐ Ja
- ☐ Delvis
- ☐ Nei
- ☐ Veit ikkje

Takk for at du deltok i kartlegginga.



EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ



Modellen her er henta i frå planen «Eit trygt og godt skulemiljø» som er gjeldande for skulane i Etne.

KVAR ELEV SIN RETT OG PLIKT

Kvar elev har krav på og rett til eit trygt og godt skulemiljø fritt for alle typar krenkingar som; mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

I dette ligg at ingen skal tola eller oppleva direkte krenkande handlingar eller verbale uttrykk.

Indirekte krenkingar som utestenging, isolering og baksnakking skal heller ingen måtta tola.

I dette ligg også at ingen har lov til på nokon måte å krenka andre.

Denne retten og plikta gjeld i heile skuletida, inkludert SFO og leksehjelp.

Elev eller føresett kan ta kontakt med skulen og be om at det vert sett i verk tiltak dersom eleven ikkje opplever at retten er i ivareteken.

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller føresette melda saka til stasforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor.

ALLE SOM ARBEIDER OG OPPHELD SEG JAMLEG PÅ SKULANE – PLIKT OG ANSVAR.

- 1. Har plikt til å følgja med**
- 2. Har plikt til å varsla**
- 3. Har plikt til å gripa inn**
- 4. Har plikt til å undersøkja**
- 5. Har plikt til å setja i verk tiltak**

SKULEN SKAL:

- *Driva førebyggjande arbeid mot alle former for krenkingar*
- *Undersøkja når det er ein mistanke om at ein elev er krenka.*
- *Undersøkja når ein elev eller føresette seier frå.*
- *Informera føresette om retten elevane har til eit trygt og godt elevmiljø.*
- *Varsla skuleeigar om saker som gjeld krenking av elevar.*
- *Laga plan for gjennomføring av tiltak*
- *Dokumentera at ein utfører tiltaka.*
- *Evaluera tiltaka undervegs.*

SKULEEIGAR - ⁵⁹PLIKT OG ANSVAR

- *Skuleeigar har ansvar for at tilsette har rett kompetanse til å følgja med, varsla og gripa inn dersom det skjer krenkingar mot elevar.*
- *Skuleeigar må sjå til at føresette og elevane har god informasjon om rettane sine.*
- *Skuleeigar skal vera informert om tiltaksplanar skulane set i verk.*

STATSFORVALTAREN

Statsforvaltaren i Vestland fylke er klageinstans for retten elevar har til eit trygt og godt skulemiljø.

Informasjon om dette kan du finna på følgjande nettadresse:

<https://fylkesmannen.no/vestland/barnehage-og-opplaring/ein-trygg-skuledag-utan-mobbing/>

Kapittel 9A i opplæringslova – elevane sitt skulemiljø.

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø - Lovdata](#)



Eit trygt og godt skulemiljø

Kapittel 9A, skulane sine plikter – rutinar og rapportering

- ❖ Alle skulane skal driva eit førebyggjande arbeid mot alle former for krenkingar. Dette er ein del av aktivitetsplikta. Rektor har ansvar for å organisera/leggja til rette for og følgja med på at arbeidet skjer. Alle yrkesgrupper må vera orienterte og engasjerte. Arbeidet skal gå føre seg;
 - i fellestida til dei tilsette
 - i klasserommet med alle elevane
 - i samarbeidsfora med elevane (elevråda)
 - i samarbeidsfora med føresette (FAU,SU/SMU)
- ❖ Alle som arbeider eller oppheld seg jamleg på skulane:
 - **har plikt til å følgja med**
 - **har plikt til å varsle**
 - **har plikt til å gripa inn**
 - **har plikt til å undersøkje**
 - **har plikt til å setja i verk tiltak**
- ❖ Skuleleiinga har ansvar for at alle tilsette eller dei som oppheld seg på skulen kjenner til pliktene sine.
- ❖ Skuleleiinga skal informera kommunenivået når det vert sett i gang ein tiltaksplan. Dette skal rapporterast i Teams. Tiltaka kan diskuterast med skuleeigar.
- ❖ Skulane må sjå til at dei tilsette har nok kompetanse på klasseleiing og melda frå til skuleeigar dersom det er naudsynt med kompetanseheving.
- ❖ Skuleleiinga skal dokumentere arbeidet som vart gjort, frå varsling av ei sak til tiltaka er gjennomførte og eleven sitt skulemiljø er trygt og godt. Dokumenta skal arkiverast digitalt i elevane sine elevmapper i websak/Stafettlogg. Det som blir laga i Stafettloggen, skal også leggjast inn i elevmappene i websak når tiltaket er avslutta, eller seinast ved slutten av skuleåret.
- ❖ Skulane må orientera skulemiljøutvalet (SMU) om det førebyggjande arbeidet og om saker som skulen arbeider med. Møtereferat frå skulemiljøutvala skal liggja på digitalt arkiv i websak. Minnar om teieplikta i det som blir sagt i desse møta.
- ❖ Skulane skal samarbeida med andre instansar som PPT, helsestasjonen og barnevern eller andre som kan vera med å bidra til at barnet får retten sin til eit trygt og godt skulemiljø.
- ❖ Skulane og kommunen sine planar og informasjon for å sikra borna eit godt skulemiljø skal liggja på skulen og kommunen sine heimesider.

Rapportering på aktivitetsplanar i skulane

Enge skule

[illegible]

Skånevik skule[illegible]

Aksjonar etter tilsyn på trygt og godt:

Utført	Aksjon/informasjon	Ansvar	Frist	Kommentar
x	Implementering av kommunal plan for eit trygt og godt skulemiljø	Rektor		ok
x	Lokal plan for eit trygt og godt skulemiljø	Rektor		Ok
x	Skriftlege rutinar for gjennomføring og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga	Rektor		Ok
x	Digitale krenkingar med i kommunal plan	Mona		Ok.
x	Digitale krenkingar med i lokal plan	Rektor		Ok
x	SU/SMU/FAU og elevråd – inkludering og medverknad. Møteplan.	Rektor		Møteplan Ok
x	Implementering av aktivitetsplikta, sikra felles forståing	Rektor		Øving Ok
x	System og rutinar for korleis følgja opp aktivitetsplikta	Rektor		Ok
x	Skjema og malar som passar til regelverket.	Kommunen		Ok
x	Synleggjera, og gjera kjent rutinar, jamnleg gjennomgang	Kommunen		Boka Ok
x	Informasjon og rutine §9 A-5 i kommunal plan	Kommunen		OK
x	Informasjon og rutine §9 A-5 lokal plan	Rektor		Ok
x	Terskel for å oppretta aktivitetsplanar, felles forståing	Rektor		Ok
x	Eleven si stemme. I førebygging, i sak og dokumentasjon	Rektor		Ok
x	Sikra at føresette får informasjon	Rektor, kommunen		Rutine, foreldremøte Ok
x	Internkontroll for kommunen	Kommunen		Ok

Stafettlogg som verktøy - Websak som verktøy

Kontaktlærer/Faglærer

- Førebuing
 - o Lese seg opp på:
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>
 - o Førebu elevane på kva oppgåvetype dei kan få
Gå gjennom spørsmåla med elevane

Du går gjennom spørjeskjemaet med elevane i forkant av Elevundersøkinga.

På denne måten kan eventuelle misforståingar rettes opp før elevane svarer. omgrep som for eksempel mobbing og elevmedverknad kan bli drøfta og klargjort.
- o Oppgåver for gjennomføringsansvarleg
En eller fleire frå klassen sitt personale må vere til stade når elevane svarer på undersøkinga. Du som er ansvarleg for undersøkinga har ansvar for desse oppgåvene:
 - ✓ Sørge for at alle elevane finner undersøkinga på nettet og klarer å logge seg på systemet.
 - ✓ Gjenta kort kvifor vi gjennomfører undersøkinga og peike på viktigheita av å svare seriøst på spørsmåla.
 - ✓ Gi en munnleg innføring i korleis spørjeskjemaet skal fyllast ut.
 - ✓ Gi hjelp om det er elevar som lurar på korleis spørsmål skal bli forstått.
 - ✓ Informere elevane om at de kan oppheve et svar ved å trykke på spørsmålsteksten.
 - ✓ Sjå til at kvar elev fyller ut spørjeskjemaet utan påverking frå andre elever.
 - ✓ Hjelpe til ved eventuelle tekniske problema.
 - ✓ Sørge for at alle elevane får tilstrekkeleg tid til å fylle ut spørjeskjemaet.
 - ✓ Minne elevane om at de må trykke på "fullfør" for at svara deira skal bli registrert.
- På Gjennomføringsdagen
 - o Dele ut/ elevane finn fram «ventearbeid» t.d. stillelesingsbok
 - o Deler ut passord til elevane,
 - o Gi støtte og trygghet til elevane som gjennomfører prøven
 - o Følgje gjennomføringa.

- Etter gjennomføring

Oppfølging av resultat:

Sjå på resultata og nytte rettleiinga til å følgje opp resultata i klasserommet

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/administrere-brukerundersokelsene/#oppfolging-av-resultata-pa-skolen>

Oppfølging på ulike nivå:

Tilsette

- o Tilsette i klassen må gjere seg kjende med svara i klassen.
- o Sjå på resultata og nytte resultata til å betre elevmiljøet i klasserommet
- Sjå på resultantane i knytt til annan informasjon om eleven
- o Bruke resultantane i tilbakemeldinga til elever og foreldre for å fremme videre læring. Bruk **spørsmåla under, i din refleksjon**
 1. Ser du mønstre eller tendensar i resultantane for din klasse?
 2. Har vi annan informasjon som bekreftar eller avkreftar resultantane frå nasjonale prøver?
 3. Viser resultantane frå nasjonale prøver at det er behov for ytterlegare kartlegging? Dersom JA meld frå til rektor.
 4. Kva konsekvenser får resultatene for den videre praksisen i klassen din?
 5. Kva kan du gjere for å forbedre de resultatene vi ikkje er nøgde med?
- o Involvere elevane i arbeidet med resultantane, gå igjennom resultata i lag med eleven og sjå på utviklingspotensiale til eleven, kva må eleven, skulen og heimen gjere.
- o Er det fleire elevar i klassen som har dei same utviklingspotensiale? Kva tiltak set du inn ?

I klassen



Skånevik skule

Etne kommune

Rutine

Elevundersøking

revidert 25.okt.2020

Avtale med Elevrådsrepresentant/ ein frå elevrådet om presentasjon av resultat for 7. og 10. klasse ut i klassane.

- o klassen skal bruke desse resultata til komme med forslag tiltak for å betre elevmiljøet på skulen. Forslaga skal takast opp i elevrådet.

I elevrådet

- o Resultata for 7. og 10. klasse skal presenterast for Elevrådet av elevrådskontakt.
- o Resultatet skal klassens elevrådsrepresentant/ein annan i elevrådet presentera for klassen sin og i ein utvalt klasse
- o Elevrådet skal bruke resultata og forslag frå dei ulike klassane til komme med forslag tiltak for å betre skulemiljøet.

På skulenivå

- o Presentera resultata for skule til dei tilsette og føresette (FAU)
- o I vurdering av tiltaka ta med forslag frå elevrådet, forslag frå føresette
- o Summere skulen sine tiltak og presentera tiltak for
 - ✓ elevane
 - ✓ Elevrådet
 - ✓ Foreldreutvalet(FAU) og skulemiljøutvalet(SM)

Eleven:

Eleven logger inn for å gjennomføre undersøkinga her: elev.udir.no

Passord som blir delt ut.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	19.09.22	17/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Etne kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa dagsett 29.06.22 og 09.08.22 frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Vedlegg: Revisor si eigenerklæring, dagsett 09.08.22 – Tore Kristensen - rekneskapsrevisjon
Revisor si eigenerklæring, dagsett 29.06.22 – Silje Nygård - forvaltningsrevisjon

Saksorientering:

Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kap. 3. §§ 16-21 slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig og ha god vandel. Forskrifta slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør § 3 – «påse.... at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3».

I følge § 24-4 skal den som foreter revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 16-21 noko om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei avgrensingar som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følge forskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer i vedlegget greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i forskrifta. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at valde revisorar frå Rogaland Revisjon IKS ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Etne kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men bli tatt til orientering.

Aksdal, 12.09.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Etne kommune

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS UAVHENGIGHET OVERFOR ETNE KOMMUNE

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Rogaland Revisjon IKS har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS VURDERING AV UAVHENGIGHET

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
